

## **Referat frå elevrådsmøte 27.04.2023**

Desse møtte: representantar frå alle årsstega møtte (2. – 7. årssteg), samt rektor.

Sakene under blei tatt opp på dei ulike årsstega på førehand, unntekje kåring av 17.-maiteikningane.

- Korleis vil vi ha det ute no mot våren og sommaren?
  - Vi vil ha skule ute, t.d. ta bøker og CB med ut
  - Mellomsteget ynskjer å dele krøllgrasbanen på ulike dagar der eine årssteget disponerer halve bana, t.d. 7. årssteg får halve bana måndagar, 6. årssteg får halve bana tysdagar osb.
  - Elevane etterlyser bussvaktar om morgonen og på slutten av dagen
  - Utlegm

Vi overlet til lærarane å ta imot innspela og til avd.leiar på mellomsteget til å dele opp krøllgrasbana.

- Kva aktivitetar vil de ha ute?
  - Nye TL-leikar, t.d. kanonballbane med kritt, bomgøymsel og slåball
  - Utekritt
  - Dei vaksne kan hjelpe til å dele inn i lag i basketball
  - Frisbee
  - Ha musikk ute i friminutta
  - Fleire turdagar for heile skulen
  - Sportturneringar

Vi overlet til lærarane å ta imot innspela og til skuleleiinga til å organisere sportturneringar og aktivitetar for neste skuleår.

- Har de merka at dei vaksne er meir engasjerte og bryr seg meir ute i friminutta? (oppfølging frå tidlegare sak)

Elevane meiner fortsatt at dei vaksne må vere meir synlege i friminutta. Dei må vere meir «på», ikkje berre gå rundt. Dei kan også reagere litt raskare når det skjer ting ute.

- Kåring av 17.mai-teikningar

Vi såg gjennom alle teikningane som var kome inn og kåra den som skal vere på forsida og den som skal vere på baksida av 17.mai-programmet. Det var vanskeleg å kåre vinnarar, då alle tikningane var svært fine!

Linda Selheim, referent